



Magne Storheim  
Radøyvegen 392  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5801 - 22/62405

Saksbehandlar:  
Maya Fugelsnes Greve  
maya.riise@alver.kommune.no

Dato:  
18.08.2022

## **Spørsmål til nytt gjerde, mulighet for fjerning av steingard samt økonomisk støtte - gbnr 482/13 og 482/72 Storheim**

Syner til e-post datert 28.07.2022 om førespurnad om fjerning av steingard, oppsetting av nytt gjerde og eventuell økonomisk støtte til vedlikehald og restaurering av steingard.

Saker som omhandlar steingardar og andre kulturminne som gjeld private bustadar og ikkje landbrukseigedom, skal normalt sett sendast til kommunen si kulturavdeling. Vi har i denne saka tatt kontakt med kulturavdelinga v/ Bente Kopperdal Hervik og fått ei uttale frå dei.

Landbruksavdelinga, i samråd med kulturavdelinga har vurdert saka slik at der steingarden står i full høgde bør den bli ståande og der den er rast saman heilt eller delvis kan ein rydda vekk stein om dette er naudsynt. Nytt gjerde bør settast på innsida av steingarden.



Steingardar som går mellom 2 matriklar er ofte dei eldste og såleis er dei ekstra verdifulle og bør i så stor grad som mogleg takast vare på

I «kulturminneplan 2017-2027» for Radøy kommune, som er den førande planen står det: *Steingardar er viktige element i kulturlandskapet og som hovudregel skal det difor ikkje gjevast løyve til riving. Om det er naudsynt for gardsdrift eller det ligg føre andre tungtvegande behov, kan det gjevast løyve til riving av delar av muren. Opninga i muren skal ikkje vera større enn naudsynt, og det skal vera fint oppmurte avsluttingar. Andre tiltak som kjem i konflikt med steingardar skal i størst mogleg grad flyttast vekk frå eller ta omsyn til steingardane.*

Link til kulturminneplan:

<https://www.alver.kommune.no/globalassets/innhald/felles---natur-kultur-og-fritid/kulturminneplan-web.pdf>

Denne saka er ikkje innafor føremålet til ordningane for økonomisk støtte til vedlikehald og restaurering av steingardar som landbruksavdelinga forvaltar, då det ikkje er knytt til landbruksproduksjon

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Maya Fugelsnes Greve  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bente Kopperdal Hervik

**Mottakarar:**

Magne Storheim

Radøyvegen 392

5938

SÆBØVÅGEN